



Referat frå styremøte - Seljord Idrettslag 06.03.2017

Til stades: Tellef Solås, Camilla Johansen, Hans Inge Hagen, Randi Øygarden (ref).

Fotballgruppa v/Arve Myrvang, håndballgruppa v/Ingvild Øverland, skigruppa v/Geir Særsland, sykkelgruppa v/Henk Stel, A-laget v/Øyvind Oland og ridegruppa og friidrettsgruppa v/Gunn Helga Vindfjell.

Sak 11/17 Godkjenning av referat frå styremøte 23.01.2017

Referat gjennomgått og godkjent

Sak 12/17 Oppfølging av årsmøtevedtak i årsmøtereferatet

Vedtak 6b) Representantar for aktive utøvarar mellom 12 og 16 år Seljord IL:

Forslag om namn; Ungdomsstyre – vedtatt.

Hans Inge får oppgåva med å sette opp eit forslag til korleis strukturen på dette skal vere.

Vedtak 6e) Idrett for alle:

Tellef og Hans Inge tek kontakt med Tone Reiten for å lage eit startopplegg på dette. Ønsker også å ha med Inge Nilsen på dette.

Sak 13/17 Oppfølging av registrering av aktivitet for lag og grupper i Seljord IL

Dette er godt i gang, nokre av undergruppene er blitt veldig flinke, mens nokre fortsatt heng litt etter, Hans Inge purrar og motiverar desse. I første omgang gjeld registreringa treningane, men det er også mogelegheit får å registrere aktivitet på kampar og turneringar. Dette blir fokus etter kvart. Det understreka at dette ikkje er for å kontrollere undergruppene, men for å få ein betre oversikt over reell timeforbruk på Granvin og eit system for å kunne auke ressursane der det trengs eller sette inn tiltak for rekruttering, der det trengs.

Sak 14/17 Nytt rekneskapsystem i Seljord IL – gjennomgang

SIL har, etter å ha tatt i bruk Visma e-Accounting, tatt over rekneskapet sjølv. Dette gjer at ein sparar ein del utgifter. Det fører også til at alle undergruppene får ein mykje betre oversikt over eige rekneskap gjennom heile året.

Tellef går kjapt igjennom nokre av funksjonane. Blir meir opplæring på dette etter kvart.

Sak 15/17 Ny avtale Granvin

Tellef går igjennom forslaget frå Granvin, ingen endringar, utanom indeksjustering av pris.

Diskuterar litt om me skal ha 900 eller 1000 timar i hallen på eit år, einighet om 1000 timar, då evt underforbruk blir tilbakebetalt.

Avtale godkjent og vedtatt.

Sak 16/17 Rapport frå undergruppene med årshjul og handlingsplan

Årshjul:

2. Sende ut treningsgebyr skigruppa – blir gjort straks Hans Inge får oppdaterte lister.
3. Sende ut treningsgebyr ridegruppa – sendast ut ila næraste framtid.
8. Medlemskontingent SIL – sendast ut ila næraste framtid.



Handlingsplan med rapport frå undergruppene:

Hovudstyret:

1. Mannskap Dyrsku'n – er under arbeid. Bl.a i form av ein informasjonsvideo laga av Hans Inge.
2. Visma/klubbAdmin – er i full gang
3. Idrettsfritidsordning – mogeleg frå høsten 2018.

Fotballgruppa:

1. Kvalitetsklubb – er i gang, har møte 1 gong per uke.
2. Verdiarbeid – Kai ventar inn forslag frå trenarane.
3. Rammer rundt fotballen i SIL – tenke på alternativ for flytting av kiosk på Eventyrøy.

Mange lag er påmeldt til serien, bl a A-lag, rekrutteringslag, damelag, eitt G16, eitt J16, 2 lag på G14 (11+7) og 2 lag på J12. J14 har meldt på eit 11'er lag, dette er det mange år sidan SIL har hatt. Fotballgruppa ønskte å ha eit 7'er lag i tillegg til 11'er laget på G16 (Seljord/Kviteseid), men dette blei ikkje godkjent av kretsen. A-laget er i ei positiv utvikling, hadde nyleg treningskamp mot eit 4-divisjonslag, der dei vant 6-4.

Handballgruppa:

1. Rekruttere trenarar – har fått ein instruktør frå HiT, Bø, jobbar med å utarbeide avtale. Er også i dialog med ein instruktør til.

Skal snart ha årsmøte.

Skigruppa:

2. Vatn i Raudkleiv - har møtt på litt problem her, men jobbar med saken.

Det er 3-4 aktive skiskyttarar, frå skigruppa er det 4-5 stk som reiser på skirenn. Oppmøtet på skikarusellen har dessverre gått mykje ned i år, kan det vera pga sein oppstart, eller pga dårleg vær? Me er usikre.

Ridegruppa:

- Gunn Helga kjem med nye tiltak på handlingsplanen frå ridegruppa

Bra aktivitet, har mange aktive ryttrarar med gode resultat, gode representantar for SIL. Har gått igjennom det nye hindermateriellet og er nå klare til å arrangere stevne. Når det gjeld stevnejakkene, skal Gunn Helga sjekke ut mogeleggheten for å brodere på eit SIL merke.

Friidrettsgruppa:

1. Raudkleiv Upp – godt i gang, straks klart for påmelding, sender snart ut pressemelding.
3. Baneløp – det blir baneløp i Vest-Telemark karusellen i august. Første løpet på den nye banen!
4. Trening – har fått to instruktørar til friidrettstreninga.

Sykkelgruppa:

1. Treningsgrupper – har hatt årsmøte og der var det enighet om å dele tilbodet i mosjonsgruppe og ambisjonsgruppe. Ein håpar å engasjere fleir gjennom å gjere det på denne måten.



Sak 17/17 Ymse

Saker til neste møte;

- Avtale med Seljord hestesenter (Gunn Helga utarbeidar eit forslag)
- Dugnad på Dyrsku'n for ridegruppa.

Neste møte blir man 03.04.2017.